

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Elverum.

Emne: Folkemedisin.

Bygdelag: Bjørsetgrenda.

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard: Bjølset skole.

(adresse): Jømna st.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Berre delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Smabrukar Olai Sandaker, 73 år, Jømna.

SVAR

1. Ein kan seie at synet på sjukdom har endra seg sterkt dei siste åra. Dei fleste hyller ikkje lengre den allmenne tru om at "vondt skal vondt fordrive". Folk flest er meir innstilt på å godta som sjukdom mykje som dei før ville kalle "klynk og stakkrslighet" før.
2. Det var vel ikkje så svært mye dei visste om smitte, men noe skjønna dei det var. Det var vanleg at dei brukte moskus for å verna seg mot ymse sjukdomar. "Det var e motbydlig luft. Næe så vondt at det itte var til å tru" fortalde ein. Men dei meinte dette hjelpte bra.
3. Dei hadde ståande eggolje mot brannsar. Mot frostskade vart nytta svinogaldbrennevin. Det var ei blanding av svinogalde og eit eller anna slags brennevin som stod gøymt på ei flaske.
Mot forkjølelse brukte dei myntete (Av Mentha arvensis) Likeeins nytta dei salviete.
Tørr kamfer og brennevin var god mot hold, lungebetendelse og feber.
Til varme omslag mot lungebetendelse nytta dei grøt av kokt nøymø, mjøl og salt.
Fekk dei verkesar brukte dei gørkæ og knust raffinade smelta ihop. Med ei fille la dei dette på såret for å trekke ut verken.
4. Slike medesinar hadde dei ståande hos dei fleste, anten garden var stor eller liten.
5. Slike medisinar kunne dei ofte låne av kvarandre i eit knipetak.
7. "Treak" kan ikkje heimelsmannen min fortelja noe om.
8. Det hendte ofte at folk øydela magen ved for hardt arbeid. "Forkøstelsø" kalla dei dette. Mot forkøstelsø var "dyvelsdrekk" godt. Dyvelsdrekken var laga av sprit og kvitløk. Noen dråper i eit glas vatn sette mjølkefarge på det.
9. Marte Bjølsethagen heitte ei "klok" kone i Bjørsetgrenda. Ho samla inn medisinske vokstrar. Dette gjorde ho jonsoknatta for da hadde vokstrane si største kraft. Ho gjekk naken når ho gjorde dette.
10. Medisinske planter og andre ting ein nytta i medisinen vart oppbevart på flasker eller i poser.

2

På mange gamle kjøken heng serskilde medisinskap. Eit slikt skap kan ein sjå i den gamle Elisabetstua frå Heradsbygda, nå på Glåmdalsmuseet.

13. Mange hadde skrivne oppskrifter for slike medisiner, men dei fleste var muntlege overleveringar.

14. I Elverum var det ein del eksemplarer av ei slags lekjarbok som heitte "Den kloge Gubben. En Bog for Landmanden, hvorudi læres paa den enfoldigste Maade at helbrede henimod 200 forskjellige Slags Menneske- og Kreatursygdomme, samt mange nyttige og simple Huusraad. Oversatt fra den Svenske Udgave af 1742.

Til Trykken befordret af D. og R. Engene.
Elverum Leier 1861".

Glåmdalsmuseet har to eksemplarer av denne koka i samlingane. I "Østlendingen" tirsdag 9. desember 1952 har eg ein omtale av den pussige boka.

Under registreringsarbeide for Glåmdalsmuseet på den vesle garden Øvre Karlstad (Johan og Karen Ulvberget) fann eg eit eksemplar av den nevnte boka gøymt under ein takas i stovebygningen.

15. Under slakting av svin tok dei vare på urinblåra. Var det naudsynt med kalde omslag på hovudet etter sterke støt eller slag, nytta dei urinblåra fylt med noe kaldt. Skulle blåra vera tenleg, måtte ho blases ut straks dyret var slakta.

Menneskeurin var brut til å rense sår. Dette har vore nytta av skogsfolk i Elverum til omkr. 1910.

Mi bestemor, Oline Bråten f. 1849 i Elverum, nytta så ofte vendinga: "Ho har nuk fått sliti bekkhetta", om ei som hadde leidi mye vondt. Eg er ikkje sikker på om ho sjølv visste kva det var for noe. Men seinare har eg hørt andre fortelja at det var så vanleg med ein sjukdom som ga følt mye sår i hovudbotnen. Vart det for ille, sette dei inn hargarden med bek og sleit sidan av det heile.

Te av skogskjefte (*Equisetum silvaticum*) og kattrompe (*E. arvensis*) vart brukt mot blåresjuke. Dei satte seg over dampende te av desse vekstene.

Blada av *Plantago Major* la dei på sår for å få dei til å gro.

Olaf Karlstad hadde samla inn heksemjøl (Sporene av *Lycopodium cleavatum*) og selt til apoteket for 4-5 kroner trepelflaska. (1880 åra) Det vart selt som pudder til barn med sår hud.

Da teringssjuken tok til å herja, var det mange som freista å kurere dei sjuke med saft av knust kjempe (*Plantago media*) blanda med sukker. Andre tok lavengblom (*Hypochæris maculata*) og skogskjefte (*E. silvaticum*).

Skinstryte vart brukt som aphnodisæum.

Lækjarane.

Det ein spørr om i resten av denne spørjelista har eg ikkje så mye å svara på. I den delen av Elverum der eg har høve til å arbeide, har det ikkje bodd noen slik lækjar som det blir tale om her.